

Saksprotokoll 28.05.2020 - finansutvalet

Avrøysting

Innstillinga vart samråystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Vestland fylkeskommune går inn som avtalepart i avtalen Kystverket hadde med Bømlo kommune for tiltak i fiskerihamna i Langevåg. Ansvaret Vestland fylkeskommune tek på seg er tilsvarende som Kystverket hadde med unntak av navigasjonsinstallasjonar, som framleis er Kystverket sitt ansvar.
2. Vestland fylkeskommune dekkjer kostnadane med bygging av molo, avgrensa til maksimalt 165 millionar kroner eks. mva. Byggekostnaden vil bli utbetalt med like store delar i perioden 2024-2028.
3. Investeringssummen er bindande og kostnadane er innarbeidde i utkastet til investeringsbudsjett i økonomiplan 2021-2024.